

Lindås kommune v/ Levekårs utvalet

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 41

5914 Isdalstø

Myksvoll 19.05.2016

Søknad om dekking av underskot ved drift av Bygdekinoen på Lygra

Sidan januar 2001 har me hatt besøk av Bygdekinoen med framvising på Lyngheisenteret på Lygra. Den gang var det også framsyning på Seim i Strilatun og på Haugatun på Lindås. Begge desse plassane er no avslutta, så dermed er Lyngheisenteret den einaste framvisingsplassen som er igjen i Lindås kommune.

Me er nokre frivillige som heldt kinoen i gang, med opp henging av plakatar rigging og nedrigging av utstyr, litt kiosksalg og rydding/vasking av kinosal.

Bygdekinoen har framsyning kvar 14.dag, med ein barnefilm kl 18.00 og ein vaksen/familiefilm kl 20.00.

Det er vanskelig å driva kino med overskot då Bygdekinoen krev ein fast sum for kvar framsyningsdag, og me får berre betalt ein liten prosent av speleinntektene, over ein viss sum.

Me ser det som svært viktig å klara å halda på aktivitetar som foregår på bygdene, me ser også at det kjem besøkande frå store delar av Lindås kommune og det dukkar stadig opp nye ansikt som synest det er trivelig å komma ut til Lygra for å sjå ein film eller to.

Me har dei 2 siste åra søkt om kulturmidlar, og i fjor fekk me dekkja ca ein tredjedel av utgiftene, og er sjølv sagt svært glad for det, men Lyngheisenteret som har dekkja resten av utgiftene har signalisert ei stund no at dei ikkje kan gjere det i framtida.

Bygdekinoen reiser også rundt å viser film i alle tilstøytane kommunar til Lindås. Der har dei det slik at Bygdekinoen sender faktura rett til dei respektive kommunane som då dekker det underskot som vert opparbeid for kvart halvår. I Austrheim betaler kommunen også ut ein sum til diverse lag som er med på å driva Bygdekinoen.

Så vårt ønskje er derfor at me kan få det til også i Lindås kommune, slik at kommune dekker det som må verte underskot kvart år.

Underskotet for 2014 var kr. **35175,-** og for 2015 kr. **28864,-**

For drifta av Bygdekinoen på Lyngheisenteret på Lygra

.....

Vidar Myksvoll